



Den svartelista pukkelfisken er i dag registrert i Uskedalselva.

Det er registrert pukkellaks i Uskedalselva og arbeid med å få dette dokumentert, er gjort i dag. Pukkellaks er ein svartelista og framand fiskeart i kategorien høg risiko, fordi den kan ta over laks- og aureområde og føra inn sjukdomar i vassdraget. Helge Skoglund frå UNI Rescearch Miljø kan stadfesta at funna er gjort i Djupehølen og Dønhaughølen, tilsaman 23 registreringar.

Det er tidlegare i sommar gjort funn av Pukkellaks i Omvikedalselva. Berre på tre veker i sommar er det gjort om lag 100 funn i Hordaland, mellom anna i Etneelva og Oselva. Norsk institutt for naturforskning (NINA) jobbar med registrering og tiltak for korleis ein skal stoppa denne gytande pukkellaksen.



Av 23 registreringar er 11 fiskar av arten teken på land.

Pukkellaks er ein stillehavslaks som natuleg høyrer heime i den nordlege delen av Stillehavet. Laksen har ein fast toårig livssyklus. Arten har vore fast etablert i nokre elvar i Aust- Finnmark og registreringane dei siste åra syner at bestanden gyt i år med oddetal. Gytinga pågår på same tid som vanleg norsk villaks og kan dermed påverka negativt desse artane.

Helge Skoglund frå Uni Research Miljø fortel til Uskedalen.no at av 23 registreringar er det fanga 11 fiskar med harpun.. I tillegg er det fanga ein rømt oppdretslaks. Pukkellaksen gyt til vanleg nede i vassdraga, men arten er truleg å finna lenger oppe i elva også. **Det som er kritisk for dette funnet, er at nokre fiskar har alt starta gytinga.**

Funnet av pukkellaks i Uskedalselva i dag er på same nivået som for andre vassdrag i Hordaland. I denne omgang er det ei registrering. Kva titak som vert iverksett, vil ein koma attende til.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Helge Skoglund/ Kirsten Sæle Bruvold



Helge Skoglund i arbeid med harpun i Djupehølen i dag